



### Notat til hjelp i utarbeiding av risikobasert kontrollplan

#### UTARBEIDING AV KONTROLLPLAN

Kontroll av søknader skal gjerast for å sikre at informasjonen som vert lagt til grunn for vedtak, er rett. Kontrollen skal vere risikobasert fordi den skal ha eit omfang i forhold til nytta og kostnadene ved kontrollen. Kontroll av søknader om produksjonstilskot og avløyartilskot kan gjerast både med kontroll på staden og med dokumentkontroll, heile eller deler av søknaden kan kontrollerast.

Kontrollplanen skal vere styrande for kva søknader som skal plukkast ut til kontroll

- Kontrollplanen skal vere skriftleg og utarbeidast før saksbehandlinga av søknadsåret startar
- Minimum 10 % av søknadane skal kontrollerast
- Kontrollplanen skal arkiverast og vere tilgjengeleg for sakshandsamarar og kunne leggast fram ved forvaltningskontroll ol.
- Kommunen skal gå gjennom kontrollplanen årleg og vurdere om risikobiletet er endra
- Alle delar av risikobasert kontroll skal dokumenterast skriftleg

For meir informasjon sjå: Sjå [Rundskriv 2022-11](#) og Reglement for økonomistyring i staten «6.3.8.2 Kontroll av informasjon fra tilskuddsmottakere»

#### INNHALD I KONTROLLPLAN

##### A. Kva delar av produksjons- og avløyartilskotet har størst risiko i kommunen

Kommunen skal vurdere kva delar av produksjons- og avløyartilskotet som har størst generell risiko i kommunen («lyser raudt»)

- Er det produksjonar eller ordningar der kommunen mistenkjer at det førekjem feil?
- Er det produksjonar eller ordningar der kommunen mistenkjer at det er usikkerheit om vilkåra for tilskot?
- Kva husdyr- og/ eller planteproduksjonar er store i kommunen?

Hugs i vurdering av risiko, at risiko = sannsyn x konsekvens. Konsekvensar av feil slik som store tal/ summar, tap av omdømme og tillit mm. må takast omsyn til.

##### B. Risikoindikatorar ved søknadane

Kontrollplanen skal vise kva kjenneteikn ved søknadane i kommunen som aukar risikoen for feil (risikoindikatorar). Søknader med aukar risiko for feil (risikoindikatorar) kan til dømes vere føretak med:

- svært låge leveransar/låg produksjon (vanleg jordbruksproduksjon)
- mange ulike produksjonar

- kombinasjon av økologisk og konvensjonell drift
- indikatorar på driftsfelleskap
- stor auke i dyretal
- ikkje kontrollert før/ lenge sidan siste kontroll

### **C. Mistanke eller tips om feil hos føretak**

Om kommunen meiner det er risiko knytt til konkrete føretak, til dømes opplysningar som har kome fram i sakshandsaming av søknaden, erfaringar, observasjonar, mistanke eller tips, skal det også beskrivast i kontrollplanen.

- Kva mistanken bygger på (feilregistreringer hos føretak, tips osv)
- Om det er sannsynleg at innhaldet i mistanken er reell, og om det mistanken gjeld kan føre til feilutbetaling av tilskot, ulik behandling av like saker eller omdømmetap

### **Hjelpemiddel i utarbeiding av kontrollplan - Rapportar og søk i eStil PT**

I rapportane i eStil PT er det mykje informasjon som bør brukast til hjelp utarbeidinga av kontrollplan.

- Rapportar for vanlig jordbruksproduksjon i ulike produksjonar
- *Rapport om mulige driftsfelleskap*
- *Rapport over kontrollerte foretak*
- *Eksport søknadsdata*. Denne rapporten kan filtrerast og finne ut, til dømes, avgrensing i grovfôrareal (ekstensiv drift), høge tilskotsbeløp osv

I tillegg kan funksjonen avansert søk brukast for å finne opplysningar.

### **Utplukk av søknader til kontroll**

Etter at kommunen har gjennomgått kontrollplanen, skal kommunen plukke ut føretak til kontroll. Dei føretaka som vert plukka ut skal vere basert på det kommunen har kome fram til i kontrollplanen sin. Utplukket skal bestå av:

- A. Husdyrproduksjon, arealproduksjon eller ordningar med høg risiko i kommunen
- B. Søknader som har risikoindikatorar som omtalt i kontrollplanen
- C. Søknader frå føretak der det er mistanke om feil eller mottekne tips om feil

Når kontrollplanen er utfylt med føretak som skal kontrollerast og knytt til aktuell risikoindikator eller ordning, utgjer kontrollplanen dokumentasjon på kvifor føretak er plukka ut til kontroll. Vi tilrår at denne grunngjevinga også vert lagt inn i eStil PT under til dømes *Risikobasert kontroll, kommentar*.

Sjå vedlegg: Forslag til kontrollplan

## VEDLEGG: FORSLAG TIL KONTROLLPLAN

Kontrollplan kan til dømes utformast slik:

### Eksempel:

#### Risikobasert kontrollplan produksjonstilskot og avløysartilskot 202x

Kommune \_\_\_\_\_

Ansvarleg for utarbeiding \_\_\_\_\_

Minst 10 % av søkjarane skal kontrollerast.

Tal søknader \_\_\_\_\_ Minimum tal kontrollar \_\_\_\_\_

#### A. Kva delar av produksjons- og avløysartilskotet har størst risiko i kommunen

Ordning	Låg risiko	Middels risiko	Høg risiko	Føretak som skal kontrollerast i 202X
Areal- og kulturlandskapstilskot				
Husdyrtilskot				
Dyr på beite				
Bevaringsverdige husdyrrasar				
Grovfôrsal				
Kvalitetstilskot frukt og bær				
Økologisk				
Tilskot til avløysing				
Gjødslingsplan				
Plantevernmiddeljournal				

**B. Risikoindikatorar ved søknadane**

Risikoindikator	Føretak som skal kontrollerast i 202X
Svært låge leveransar/låg produksjon (vanleg jordbruksproduksjon)	
Kombinasjon av økologisk og konvensjonell drift	
Mange ulike produksjonar	
Mistanke om driftsfellesskap	
Stor auke i dyretal	
Ikkje kontrollert før/ lenge sidan siste kontroll	

**C. Mistanke eller tips om feil hos føretak**

Type mistanke/tips	Føretak som skal kontrollerast i 202X
Føretak med mange feil i søknaden	
Føretak der kommunen har gjort observasjonar	
Føretak det har kome inn tips om	

**Føretak som skal kontrollerast (A + B + C):**

Føretak	Ordning	Risikoindikator (ved ordning eller søknad)	Kontrolltype (dokument/ på staden)	Tidspunkt for kontroll	Ansvarleg for gjennomføring
<i>Eksempel</i>	<i>Grovførsal</i>	<i>Drift/disponering</i>	<i>Dokument</i>	<i>November</i>	
<i>Ulla Tulla</i>	<i>Husdyrtilskot</i>	<i>Vanleg produksjon</i>	<i>Dokument + på staden</i>	<i>November</i>	